

## Framgangsmåte – incestsaker/mistanke om seksuelle overgrep/vald mot barn

Ved mistanke om at eit barn vert utsett for overgrep i form av seksuell eller valdeleg karakter har offentleg tilsette **plikt** til å melde frå!

Ved slik mistanke skal ikkje foreldra informerast viss ein mistenker at overgrepa skjer i heimen eller i tilknytning til heimen.

Det er viktig for barnet at dei vaksne kring det tek tak i mistanken med ein gong, slik at barnet ikkje vert utsett for ytterlegare overgrep.

Før ein melder mistanke har ein høve til å drøfte mistanken anonymt. Dette kan skje ved at ein kontaktar Misstanketeam (drøfte anonymt, ev. føresette som er bekymra er med i møtet). Dette for å eventuelt få støtte til å setja i gang det apparatet som er naudsynt for å få undersøkt om det finst ein overgrepssituasjon. Det er den som har mistanken som er ansvarleg for å forholdet vert meldt vidare til rett instans. Instansen som vert kjend med mistanken kan kalle inn til tverrfagleg møte for drøfting av saka, og planlegging av framgangsmåte. Dette må i så fall skje same dag som ein får kjennskap til mistanke.

Ein kan melde mistanken til barneverntenesta eller til politiet direkte. Kva ein gjer kan t.d. avhenge av alderen til barnet.

Ved mistanke om overgrep mot barn har barneverntenesta som hovudregel at forholdet vert meldt til politiet.

Viss det melder seg mistanke om at eit barn har vore eller er utsett for seksuelle overgrep eller vald, vil det vere eit viktig skilje om det er ein klar mistanke som rettar seg mot ein eller fleire kjende personar /stader / samanhengar, eller om det er ein vag mistanke utan konkretisering av personar / stader / samanhengar. Dette er avgjerande for korleis hjelpeapparatet skal handtere saksgangen. Uansett bør ein unngå oppstyr kring sjølve prosessen slik at ein ikkje bidreg til å skape ekstra problem for barnet.

**Framgangsmåte ved mistanke om overgrep vil i hovudsak vere bestemt av kva som vert svaret på følgjande spørsmål:**

- Skjedde overgrepet i eller utanfor heimen?
- Er barnet beskytta mot fortsatte overgrep?
- Kven har ansvaret for å beskytte barnet?
- Er meldeplikta til barneverntenesta utløyst?
- Skjedde overgrepet nyleg?
- Er overgriparen(e) kjend?
- Bør forholdet evt. og meldast til politiet?



### Kor overgrepa skjer og om barnet er beskytta

Barneverntenesta skal alltid involverast når det skjer overgrep i heimen. Bekymring til barneverntenesta skal meldast sjølv om overgrepa ikkje skjer heime viss foreldra ikkje

maktar å beskytte barnet for ytterlegare overgrep. Foreldre med foreldreansvar har alltid hovudansvaret for å beskytte barnet. Foreldre med samvær, uavhengig av foreldreansvaret, har ansvar for at barnet vert beskytta under samvær.

Viss overgrep føregår i samværsheimen, er det i første omgang den barnet bur fast hjå som har ansvaret for å beskytte barnet.

### **Meldeplikt til barnevernet**

Melding til barnevernet bør alltid skje i samråd med overordna og institusjonens leiar. Viss leiar ikkje vil gje opplysningar om bekymring til barneverntenesta, har den som er bekymra eit **sjølvstendig ansvar** for å informere barneverntenesta.

Barneverntenesta må vurdere korleis barnet kan ivaretakast, og kven som best kan gjere det. Barneverntenesta må og vurdere om det er aktuelt å kontakte meldar på nytt.

Når ein forelder / foreldra tek dei naudsynte grepa for å beskytte barnet, vil dei trenge støtte og rettleiing for å takle den vanskelege situasjonen som har oppstått. I slike situasjonar bør ein, i samråd med foreldreparten vurdere å kontakte barneverntenesta.

### **Kva vurderinga barnevernet må gjere**

Ein føresetnad for at foreldre skal kunne utøve foreldreansvaret og gje barnet naudsynt støtte og beskyttelse, er at dei har tilstrekkeleg informasjon. Ideelt sett er det politiet si oppgåve å konfrontere og sikre bevis. Her bør barneverntenesta rådføre seg med politiet, og gjere ei ansvarsfordeling.

Ein koordinert innsats kor politiet umiddelbart går inn og pågrip parallelt med at barneverntenesta informerar kan vere naudsynt for å gje barnet naudsynt beskyttelse.

Er det fare for at barnet vert vesentleg skadelidande ved å forbli i heimen, kan barneverntenesta vurdere å fatte vedtak om å plassere barnet utanfor heimen, jf. Lov om barneverntjenester § 4-6, 2. ledd.

Når ein må eller kan velje, er det å føretrekke at overgriparen flyttar ut.

Fokuset må vere å verne barnet mot eventuelle nye overgrep. Familien bør følgjast opp til den er forankra i dei riktige delane av hjelpeapparatet.

Ein akutt medisinsk undersøking er naudsynt for å sikre seg spor, eller ved mistanke om alvorleg skade. Ved mistanke om overgrep kan barneverntenesta gje pålegg om at barnet skal bringast til eit sjukehus for undersøking jf. Bvl § 4-3. Barnet kan ikkje undersøkast utan at foreldre med foreldreansvar er informert om det. BUP, PPT og andre instansar vil og kunne bidra til å avklare kva som har skjedd med barnet.

Overgrep mot barn er straffbart. Normalt bør difor mistanke om overgrep meldast til politiet, og mistenkte skal som hovudregel ikkje informerast eller konfronterast. Viss det antatte overgrepet nyleg har skjedd, er det av omsyn til etterforskinga viktig at politiet vert underretta

så snart som mogleg. Det kan vere rett at nokon i hjelpeapparatet, t.d. barneverntenesta, melder saka.

Å etterforske kva som eventuelt har skjedd, er politiet sitt ansvar og skal utførast av politiet.

For nærmare informasjon om framgangsmåte, oppgåver og pliktar ved mistanke om overgrep mot barn sjå : Seksuelle overgrep mot barn. En veileder for hjelpeapparatet. Sosial- og helsedirektoratet og Barne-, likestillings- og inkluderingsdirektoratet (2003)  
[www.regjeringen.no/bld](http://www.regjeringen.no/bld)